

Oddbjørn Leirvik:

På leit etter verdiuttrykk

Kronikk i Vårt Land 4. mars 2013

Eit stort fleirtal i Ståsettutvalet foreslår at det Grunnlova og Opplæringslova seier om samfunnet sitt kristne og humanistiske verdigrunnlag, blir omformulert. Utvalet finn ikkje desse formuleringane inkluderande nok i eit pluralistisk samfunn, fordi fellesverdiane og det norske vi blir knytt såpass tett til den kristne tradisjonen: «Værdigrundlaget forbliver vor kristne og humanistiske Arv».

Mange kyrkjefolk og politikarar har reagert på forslaget, dels med skuldingar om å ville avkristne det norske samfunnet. Om ein skulle prøve å få til ein meir roleg og reflekterande samtale, kan det vere nyttig å hugse kvar formuleringane om kristne og humanistiske verdiar kjem i frå. Dei er ikkje hogde i stein frå Dovre men er eit resultat av skulepolitiske forhandlingar på 1980- og 90-talet, med Arbeidarpartiet i ei sentral rolle. På 80-talet kjende mange at formuleringane i den gamle mønsterplanen om «de etiske grunnverdier som er forankret i kristendommen», vart for snevre. Etter ei tautrekking mellom KrF og Arbeidarpartiet, slo den nye Mønsterplanen for grunnskulen av 1987 fast at skulen skal byggje på «grunnleggende kristne og humanistiske verdier».

Bak denne heilt nye formuleringa låg det eit ønskje hos mange om å forsone den kristne og den humanetiske tradisjonen. Men formuleringa var kontroversiell i begge leirar og mange kyrkjeleiarar og humanetikarar opplevde den som eit tvangsekteskap.

I 1993 skreiv så kyrkje- og undervisningsminister Gudmund Hernes «Generell del» av det som skulle blir den nye læreplanen for skuleverket. Her blir 1987-formuleringa om «grunnleggende kristne og humanistiske verdier» henta opp og kopla til eit anna omgrep som no hadde fått vind i segla, nemleg «kulturarven». Hernes omtaler den kristne og humanistiske tradisjonen som «samanfletta». Men har tok også eit hegemonisk vi-språk i bruk då han på den kristne kulturarven sine vegne slo fast at «Den kristne tro og tradisjon utgjør en dyp strøm i vår historie – en arv som forener oss som folk på tvers av trosretninger.»

Her ligg nok mykje av grunnlaget for den nye verdiparagrafen i Grunnlova. Fundamentet for grunnlovsendinga var det såkalla kyrkjeforliket frå april 2008, der stortingspolitikarane under stort tidspress og utan nokon offentleg samtale batt kvarandre til formuleringa «vår kristne og humanistiske arv.»

I 2008 blei også føremålsparagrafen for skulen endra, med formuleringar som samsvarer med kyrkjeforliket (rett nok utan den problematiske vi-formuleringa): «Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdier som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.»

Kva kunne vere alternativet til formuleringar som gjer kristen og humanistisk arv til sjølve fundamentet for den norske staten og til verdigrunnlag for offentlege institusjonar som skulen? Stålsettutvalet viser her til det meir inkluderande framlegget til ny føremålsparagraf for skulen som Bostadutvalet kom med 2007. Bostadutvalet foreslo at ein kunne byrje med å namngi dei sentrale verdiane og så, i forlenginga av dette, seie noko om kvar desse verdiane kan ha sine kjelder: «Opplæringa ... skal byggje på respekt for menneskeverdet, på åndsfridom, nestekjærleik, likeverd og solidaritet, slik desse grunnleggjande verdiane kjem til uttrykk i kristen og humanistisk tradisjon, i ulike religionar og livssyn, og slik dei er forankra i menneskerettane.»

Både Bostadutvalet og den vedtatte føremålsparagrafen nemner kristen og humanistisk tradisjon spesielt. Skilnaden er at hos Bostadutvalet blir ikkje denne arven løfta opp til ein hegemonisk posisjon men omtalt som ei av fleire kjelder til verdier vi kan stå saman om på tvers av tru og livssyn.

På leiting etter nye og meir inkluderande formuleringar meiner altså Stålsettutvalet at dei problematiske vi-formuleringane i arven etter Hernes, slik dei kjem til uttrykk i Grunnlova sin nye verdiparagraf, må omformulerast. Korleis andre og meir inkluderande vi-formuleringar kunne sjå ut, må ideelt sett vere føremål for ein nasjonal dialog. Her kan også Jonas Gahr Støre sin kronikk om «Det nye norske vi» frå 2007 vere eit memento, når han (med referanse til utanrikspolitikken) seier: «Når vi snakker om vi eller oss ... så må det handle om alle oss,

også de av oss som har røtter i Pakistan eller Russland. Hvis ikke vil uttrykket 'norske interesser' bare romme noen nordmenns interesser, og norsk kultur blir bare noen nordmenns kultur.»

I samtalen om det nye norske vi og korleis samfunnet sitt verdigrunnlag skal formulerast, kan det elles vere grunn til å minne om at Norge i europeisk samanheng er nokså åleine om å ha ein religiøst definert verdiparagraf i grunnlova. Irland viser rett nok til landets forpliktingar overfor «vår guddommelege Herre Jesus Kristus», som berga fedrene gjennom hundreår lange prøvingar. Danmark og Island har liksom Norge sine folkekyrkjer skrivne inn i grunnlova, Hellas har noko liknande. Men ingen av dei taler om kristen kulturarv som samfunnets verdigrunnlag. Det klaraste europeiske unnataket her (ved sidan av Norge), er Polen. Men forordet til den polske konstitusjonen likestiller dei som forankrar sine verdier i trua på Gud og dei som hentar dei same verdiane frå andre kjelder. Tilsvarande blir "vår kultur" i Polens grunnlov omtalt som rotfesta både i "nasjonen sin kristne arv" og i "universelle, menneskelege verdier".

Men slike referansar til ein bestemt religiøs kulturarv er uansett unnataket i europeisk samanheng. Dette til forskjell frå den muslimske verda der mange land (men ikkje alle) viser til islam både som statsreligion og som verdigrunnlag.

Den konstitusjonelle hovudregelen i Europa er å ikkje knyte nasjonens identitet til ein bestemt religion. Kvifor skal Norge fråvike denne regelen?

Meir å lese:

Idunn Seland: "En dyp strøm i vår historie". Hvordan kristendommen ble integrasjonsideologi i den flerkulturelle skolen på 1990-tallet", *Prismet* 2-3: 2012.

Bostadutvalget: "Formål for framtida. Formål for barnehagen og opplæringen", NOU 2007: 6.

Ingvill Thorson Plesner: *Skal vi skilles? Veier videre for stat og kirke*. Forlaget Press 2006.